

Harald Wilhelmsen
Berget 39
5310 HAUGLANDSHELLA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1337 - 23/16769

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.02.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 215/59 Eidsnes ytre

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 215/59
Tiltakshavar: Harald Wilhelmsen
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.02.2023.

Søknaden omfattar dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø i plan- og bygnignslova § 1-8 samt søknad om løyve til tilbygg fritidsbustad på eigedom gbnr 215/59. Ut i frå opplysninga i søknad så er det eit tilbygg på om lag 26 m² bruksareal (BRA). Tiltaket sin art gjer at det kan handsamast etter plan- og bygningslova § 20-4 og krev ikkje bruk av ansvarleg føretak, det er ikkje naudsynt å sende inn gjennomføringsplan eller å söke om ansvar som sjølvbyggar. Om de likevel ønskjer å ha tiltaket belagt med ansvar så står de fritt til det. De må i så tilfelle sende inn erklaering om ansvarsrett frå prosjekterande og utførande samt sökje om ansvarsrett som sjølvbyggar for dei fagområda som de sjølv har ansvar for.

Eigedomen er omfatta av kommunedelplan for tidlegare Lindås kommune 2019-2031. Den aktuelle eigedomen er lista opp i vedlegg b i kommunedelplanen, eigedom som reknast som LNF med spreidd fritidsbusetnad.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke situasjonsplan, plan-/snitt- og fasadeteikningar som syner dagens situasjon. Det må gå fram av situasjonsplanen kva som er planlagt tilbygg, påført ytre hovudmål.

Det må og sendast inn teikningar som syner eksisterande fritidsbustad sine fasadar samt planteikning med dagens romløysing, og ytre mål.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

1. Situasjonsplan som syner kva som er tilbygg, situasjonsplanen må påførast ytre mål for eksisterande situasjon og tilbygg.
2. Teikningar som syner eksisterande fritidsbustad, plan-, snitt- og fasadeteikning, teikningane skal vere målsett.
3. Avklaring av om de ønsker å ha tiltaket ansvarsbelagt eller om de ønsker det handsama som tiltak etter plan- og bygningslova § 20-4 tiltak utan ansvar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Engevik Byggdesign

Olvikvegen 19

5416 STORD

Mottakarar:

Harald Wilhelmsen

Berget 39

5310 HAUGLANDSHELLA